



Jeanette Nilsen
Krohnegården 122
5146 FYLLINGSDALEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/1174 - 16/10591

Saksbehandlar:
Merethe Tvedt
merethe.tvedt@meland.kommune.no

Dato:
31.05.2016

Godkjenning- Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsret, tilbygg til fritidsbustad GBNR 41/55

Administrativt vedtak. Saknr: 157/2016

SAKSUTGREIING:

Ved søknad med vedlegg journalført motteke 19.5.2016 har tiltakshavar Jeanette Nilsen søkt om løyve etter Pbl § 20-4 for oppføring av tilbygg til fritidsbustad oppgitt til å vera 28 m² BYA på gbnr 41/55 i Meland kommune.

VURDERING:

Nabovarsling:

Søknaden vart nabovarsla 21.4 - 27.4.2016 i samsvar med pbl § 21-3. Det er mottatt merknad på sjølve byggjetiltaket. Tiltaket vert etter dette rekna som tilstrekkeleg varsla, jf. pbl § 21-3.

Lov- og plangrunnlag:

Eigedommen er i reguleringsplanen for hyttefelt på Skarpeneset regulert til fritidsbustad. Tiltaket er i tråd med reguleringsplanen.

Plassering av tiltaket og avstand frå nabogrense:

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden, jf vedlagt situasjonsplan journalført motteke 19.5.2016. Plassering som omsøkt med minste avstand på 4 meter frå nabogrense er absolutt.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Planløsning, høgde og utsjånad:

Tiltaket skal oppførast i samsvar med vedlagt plan-, snitt- og fasadeteikningar journalført motteke 4.5.2016. Kommunen vurderer at tiltaket stettar krava i pbl § 29-1 – 29-3.

VEDTAK:

«Meland kommune gjev i medhald av pbl § 20-4 løyve til oppføring av tilbygg til fritidsbustad på 28 m² som omsøkt på gbnr 41/55. Grunngevinga går fram av saksutgreiinga ovanfor.

Plassering og utføring av tiltaket skal vera som vist på vedlagt situasjonsplan og plan-, snitt og fasadeteikningar journalført motteke 19.5.2016. Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova så fram det ikkje er gjort unntak.

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong seinast 3 år etter at løyvet er gitt, fell det bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn 2 år, jf pbl § 21-9.

Dei opplysningar om byggetiltak og tiltakshavar som kjem fram i søknaden vert registrert i matrikkelen, jf Matrikkellova. Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustader og adresse».

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr. Det kan klagast over kva for punkt i gebyrregulativet gebyret er berekna ut frå.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Merethe Tvedt
byggjesakskonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Teikningar og kart

Vedlegg:

Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett GBNR 41/55

Kopi til:**Mottakere:**

Jeanette Nilsen

Krohnegården 122 5146

FYLLINGSDALEN